



Tilskotsordningar i Regionalt miljøprogram 2015

Kort presentasjon av ordningane med førebelse tilskotssatsar

Søk elektronisk på www.landbruksdirektoratet.no frå 1 august.

Siste frist for å søkje er 20. august 2015

Fylkesmannen i Rogaland

www.fylkesmannen.no/rogaland

Generell informasjon

Dette heftet er ein forenkla versjon av rettleingshefte for tilskotsordningar i Regionalt miljøprogram for Rogaland 2015. Forskrift og utfyllande informasjon om ordningane finn du i rettleingsheftet som kan hentast på vår heimeside.

Kva må til for å kunne søkje?

Dei som har rett til produksjonstilskot i jordbruket kan søkje regionalt miljøtilskot. Alle som søker må ha gjødslingsplan og oppfylle krava til journalføring over bruk av plantevernmidlar. For ein skilde ordningar er det i tillegg krav om at du skal gjere skriftleg greie for korleis skjøtselen har vore eller du må ha ein skjøtselsplan. Nokre av ordningane gjeld berre i bestemte geografiske område. Kart over tilskotsområda kan du sjå på kartportalen: www.temakart-rogaland.no/rmp. For ein skilde ordningar er det krav om at naturtypen er registrert i Naturbasen. Naturbasen er Miljødirektoratet sin oversikt over område med ulike miljøverdiar.

Dei fleste tiltaka skal teiknast inn i kart. Har du søkt tidlegare vil du få spørsmål om du vil hente kartet frå 2013 eller 2014. Vel du å svare ja slepp du å teikne på nytt det som er uforandra frå i fjor. Du kan fortsatt endre på teikningane i kartet og leggje til nye tiltak. Du kan søkje elektronisk på www.landbruksdirektoratet.no Søknaden går via Altinn, så det er anbefalt å ha nødvendige koder og tilgangar klart før du søker. Ønskjer du å levere søknad på papir kan du skrive ut papirsøknad, og levere den til landbruksforvaltninga i din kommune.

Det er gjort nokre endringar i RMP frå 2014:


- ✓ Ny søknadsfrist er 20. august
- ✓ Krav om miljøplan erstatta med krav om gjødselplan og føring av journal for bruk av plantevernmiddel jf. særforrifter
- ✓ Dato for siste spreining av husdyrgjødsel for tilskot til miljøvenleg gjødselspreiing og miljøavtalar er flytta frå 1. august til 10. august.
- ✓ Endringar i område med miljøavtale
- ✓ Endringar i førebelse tilskotssatsar.
- ✓ Tilskot til svarthalespoveområdet er tatt bort
- ✓ Område som er kvalifisert for tilskot til verneområde, sikra friluftsområde, kystlynghei, skjøtsel av biologisk verdifulle areal, beite av biologisk verdifulle areal kan ikkje få doble tilskot. Du må velje kva ordning du vil søkje på.

Det er mogleg å søkje tilskot til følgjande tiltak:


	Kulturlandskap
Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap: Gjeld fulldyrka og overflatedyrka jord. Maksimal utbetaling per føretak er 50 000 kr	
Øyer/holmar/veglause område I Forsand kommune gjeld ordninga Hølllesli, Habn, Bratteli, Bakken, Hatleskog, Helmikstøl, Kåsen, Kallastein, Håhellar, Auglend, Lysebotn, Flørli, Kallali, Vika, Bergsholmen, Vassbotn og Songesand.	540 kr/dekar


I Bjerkreim kommune gjeld ordninga Dyrskog ved Ørsdalsvatnet.	
Fjellområde Ordninga gjeld for desse bruka i Suldal kommune; Litle-hamar, Klungtveit, Mogleiv, Lali og Hamrabø.	200 kr/dekar
Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap I kartet skal tal dekar jordbruksareal førast inn. Automatisk berekning av beitetrykk	
Øyer/holmar/veglause område Same område som for slått	200 kr/dyreining ¹
Fjellområde Same område som for slått	200 kr dyreining
Verneområde Gjeld beiting i følgjande område: Dalane: Førland/Sletthei Jæren: Børaunen, Vigdelveden, Kyllsvatnet, Frøylandsvatnet. Orrevatn-Borsok, Malenes, Nese, Urådalen, Lyngaland, Linemyra, Trollhaugmyr, Ragstjørn, Frafjordheiene, Brusand, Synesvarden Haugalandet: Øvre Eide, Heiavatnet, Årviksholmane-Nautøy, Gåsholmen, Årviksholmen, Lindøy Ryfylke: Nordre Rennesøy, Vignesholmane, Målandsdalen, Frafjordheiene, Setesdal/Vesthei- Ryfylkeheiene, (Lyseheiane), Vormedalsheia, Lusaheia, Kvanndalen, Dyraheio, Nord-Talgje	25 kr/dyreining
Areal m/spesielle verdiar Gjeld beiting i sikra friluftsområde: Dalane: Auglend Jæren: Lindøy, Langøy, Store Marøy, Risnes i Tananger, Jåsund, Vigdelsstranda, Dalsnuten- Revholdstjern, Gramstad, Revholen, Tinghaug/Krosshaug, Melsvatnet, Øygard, Vaulen på Brusand Haugalandet: Vesterøy/Austerøy, Førland, Lindøy, Ognahabn, Romsa, Søre Børøyholmen Ryfylke: Nord-Talgje, Sauøy, Knausen, Rossøy, Sjubbeholsvågen, Kadlaneset	25 kr/dyreining
Skjøtsel av bratt areal Skjøtsel av jordbruksareal med helling 1:5 eller brattare. Arealet blir automatisk rekna ut når du teiknar omriss kring eigedomen inn i kartet tilknytt den elektroniske søknaden.	1:3 55 kr/dekar 1:5 53 kr/dekar
Drift av beitelag. NB! Søknadsfrist 1. november Søknaden skal leverast elektronisk av beitelagsleiaren. Hovudregelen er at søknaden skal leverast til kommunen beitinga skjer i. Beitelaget og alle medlemene må ha gyldige organisasjonsnummer.	
Sau/geit Gjeld sau	20 kr/dyr
Hest/storfe Gjeld storfe	20 kr/dyr


¹ 1 sau over eit år = 1 dyreeining. I dei fleste ordningane er 1 mjølkeku/ammeku = 5 dyreeiningar. Hest/ungdyr av storfe = 3 dyreeiningar

Beite i utmark	
Storfe Gjeld dyr av rasane: Aberdeen Angus, Hereford, Skotsk Høglandsfe, Galloway, Dexter	130 kr/dyr
Sau/geit NB! Gjeld berre ammegeit	80 kr/dyr
 Biologisk mangfald	
Skjøtsel av slåttemark Tilskot til slått av tradisjonelle slåttemarker. Arealet må vere registrert som slåttemark i Naturbasen. Det skal ikkje nyttast plantevernmiddel og gjødsel med mindre det er ein del av ein godkjend skjøtselsplan. Skjøtselen skal omtalast skriftleg.	1000 kr/dekar
Skjøtsel av kystlynghei Arealet det søkjast tilskot til må vere registrert som kystlynghei i Naturbasen. Det er krav om skjøtselsplan utarbeidd av eigna faginstans. Maksimalt tilskot per føretak til skjøtsel og beite av kystlynghei og naturbeitemark er kr 50 000 per føretak. Det blir ikkje gitt tilskot både per dyr og per dekar for dei same områda.	
Særlig verdifull kystlynghei Tilskot til skjøtsel av kystlynghei i følgjande område: Rennesøy: Hodne- Helleland- Bø Lund: Førland/Sletthei Time og Bjerkreim: Trollhaugsmyr	155 kr/dekar
Verdifull kystlynghei Gjeld område med verdi A i Naturbasen	50 kr/dekar
Beite av kystlynghei Gjeld beiting i område med verdi B i Naturbasen 1 sau over 1 år= 1 dyreeining 1 storfe= 3 dyreeiningar	100 kr/dyreeining
Skjøtsel av styvingstrær Tre må styvast/skjøttast minst kvart 6. år. Skjøtselen skal omtalast skriftleg.	80 kr/stk
Slått av biologisk verdifulle areal Gjeld skjøtsel av myr som grenser til jordbruksareal. Myra må vere registrert i Naturbasen som: A01 – Inntakt låglandsmyr, A03 -Terrengdekkande myr, A05 - Rikmyr, A07- Kystmyr D07- Slåtte og beitemyr D05 - Kalkrike enger.	150 kr/dekar Maksimalt tilskot per føretak er kr 20 000,-
Beite av biologisk verdifulle areal Gjeld skjøtsel av areal registrert som naturbeitemark i Naturbasen med verdi A. Det er krav om skjøtselplan utarbeidd av eigna faginstans.	50 kr/dekar Maksimalt tilskot per føretak for

	skjøtsel av kystlynghei og naturbeitemark er kr 50 000,-
Tilrettelegging av fuglebiotop	
Våtmarksområder Gjeld beiting ved utvalde grunne fuglerike vatn i Rogaland. På www.temakart.rogaland/rmp ser du områda tilskotet gjeld for. Krav om skjøtselplan	400 kr/dekar
Bevaringsverdige husdyrrasar	
Sau Gjeld sau over eit år registrert i låst rasekode i sauekontrollen. Det blir gitt tilskot til følgjande rasar: Rygjasau, Fuglestadbrogete sau, Blæset sau, Dalasau	170 kr/dyr
Storfe Storfe må vere godkjend tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar i produksjonstilskot. Tilskotet gjeld følgjande rasar: Vestlandsk raudkolle, Vestlandsk fjordfe, Telemarksfe	1500 kr/ dyr

	Kulturminne	
Drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon Føretak som har hovuddelen av mjøleproduksjonen med ku eller geit på setra i minst 4 veker i sommarhalvåret.		25 000/stk
Skjøtsel av gravminne Gjeld skjøtsel av gravminne som er automatisk freda etter kulturminnelova. Det må vere 3 eller fleire enkeltminne som ligg på/ved jordbruksareal. Skjøtselen skal omtalast skriftleg. Maksimalt tilskot til gravminne og andre automatisk freda kulturminne er kr 14 000,- per føretak		500 kr/stk
Skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne Gjeld skjøtsel av alle automatisk freda kulturminne som ligg på/ved jordbruksareal. Areal med kulturminne det er gitt støtte til under skjøtsel av gravminne skal trekkjast i frå. Tal lokalitetar kulturminna ligg i skal førast opp i søknaden. Skjøtselen skal omtalast skriftleg.		100 kr/dekar

	Friluftsliv	
Vedlikehald av ferdsselsårar i kulturlandskapet		
Turstiar med høg tilrettelegging Gjeld turstiar ved jordbruksareal som i luftlinje ligg nærmare tettstad enn 3 km.		6 kr/meter
Turstiar med låg tilrettelegging Gjeld turstiar ved jordbruksareal som ligg lengre unna tettstad enn 3 km målt i luftlinje.		4 kr/meter

	Avrenning til vassdrag og kyst og utslipp til luft	
Fangvekstar etter hausting Gjeld fangvekstar som etablerast etter hausting av hovudvekst.		100kr/dekar
Ugjødsla randsone i eng Gjeld 5 meter brei kantsone i eng mot vassdrag som ikkje skal gjødslast, og i minst mogleg grad jordarbeidast.		7 kr/meter
Vegetasjonssone Gjeld 10 meter sone med gras langs ved korn eller potet (grønsaksareal). Sonen skal ikkje gjødslast og i minst mogleg grad jordarbeidast.		
Korn		30 kr/meter
Potet/grønsaker		30 kr/meter
Vedlikehald av fangdammar Kvittering for utført arbeid skal leggjast ved søknaden.		Kr 10 000/dam. <i>(tal dekar må førast opp i søknaden)</i>
Miljøavtale Avtale med eigne krav i utvalde område mellom forvaltning og landbruksføretak for å minske næringstap til vatn frå jordbruket.		
Trinn 1 (år 1-3) Gjeld føretak i område som er inne i sine første 3 år med miljøavtale.		60 kr/dekar
Trinn 2 (år 4-6) Gjeld føretak i område i år 4-6 med miljøavtale.		50 kr/dekar
Miljøvenleg spreiiing av husdyrgjødsel Tilskotet gjeld definerte område samt økologisk drivne areal. Utstyr må vere brukt ved all gjødsling med husdyrgjødsel på omsøkt areal. Siste frist for gjødsling med husdyrgjødsel er 10. august.		
Nedlegging eller nedfelling Utstyr som legg gjødsla ned på bakken, eller skyt den inn i bakken.	Veksande kulturar t.d. eng	80 kr/dekar
	Open åker eller stubb t.d. areal der det blir sådd korn eller satt potet	50 kr/dekar
Bruk av tilførselsslantar kombinert med nedfelling/nedlegging		50 kr/dekar
Spreiiing med rask nedmolding Nedmoldinga må vere gjort innan 2 timar		30 kr/dekar

Ta kontakt med landbruksforvaltninga i din kommune om du har spørsmål om Regionalt miljøprogram